

# **Rådmannen sin rapport –** *1. kvartal 2013*

---

*Pr. 26.4.2013 (rekneskap pr. 26.4.2013)*

## Generelt om kvartalsrapporten

### **Kvartalsrapportering – bakgrunn**

Behovet for kontroll og informasjon er stort. M.a. har Kontrollutvalet etterlyst kvartalsrapportar. Rådmannen har utarbeida rapportar også tidlegare, men desse har vore til Formannskapet. Ein kvartalsrapport kan utarbeidast på eit detaljert nivå eller eit grovt nivå. Ein kvartalsrapport som skal til kommune-styret må vere på eit grovt nivå, utvala får meir detaljerte rapportar, også munnleg. Rådmannen har ynskt å innføre eit verktøy for målstyring og der blir avvik frå målsettingane det vesentlege. Ein må rekne med at alle tilsette jobbar mot dei etablerte mål som er gitt i dei forskjellige planverka som er vedteke; kommuneplan, samfunnsdelen av kommuneplanen, økonomiplan, budsjett og andre planverk.

### **Kvartalsrapportering – oppbygging**

Kvartalsrapportering vil bli sendt ut i april, juli og oktober for fyrste, andre og tredje kvartal. Gol kommune har ein flat struktur med mange avdelingsleiarar. Dersom alle skal skrive detaljerte rapportar 3 gonger i året i tillegg til den meir detaljerte årsmeldinga vil det gå vekk mykje arbeid til byråkrati, noko rådmannen vil unngå.

Rapporten vil difor ha preg av ein rein avviks-rapport, der avdelingane blir bede om å rapportere det som dei sjølv ser som vesentlege avvik i høve til:

- Nærvær
- Økonomi
- Drift

og som er av ein slik art at Kommunestyret bør bli kjent med dei. Blir det ikkje rapportert om avvik, så må våre oppdragsjeverar rekne med at administrasjonen har dei vedtekte mål under kontroll.

### **Kvartalsrapportering som ledd i anna rapportering**

Oppbygginga av kvartalsrapporten vil ein etter kvart sjå att i anna rapportering, t.d. årsmelding. Lyser det «raudt», så må det gjerast noko straks. Kva som er raudt (kritisk), gult (under oppsikt) eller grønt (under kontroll) kan vere forskjellig frå område til område og frå avdeling til avdeling. Det vil bli arbeidd med definisjonar for desse punkta.

### **Kvartalsrapporten – måloppnåing**

Dei ein skilde avdelingane har klare mål, men for ein stor del vil desse vere mest kjend for utvalet som er ansvarleg for avdelinga og mindre kjent for kommunestyret. Rådmannen vil forsøke å gjere mål meir klare og meir konkrete slik at ein kan rapportere når målet er nådd. Det blir eit stort arbeid å skilje mål og midlar for å nå målet.

### **Nærvær**

Over 60 % av utgiftene til ein kommune er lønsutgifter, i nokre avdelingar er løn meir enn 80 % av utgiftene. Mange stader betyr eit fråvær at arbeidet blir utsett eller at andre gjer det, truleg med mindre effektivitet eller med mindre kvalitet. I andre avdelingar er det ikkje mogeleg å drive utan at ein har tilsette med rett kompetanse og eit fråvær betyr innleige av vikar eller bruk av overtid.

At tilsette kjem på jobb er utruleg viktig for brukarane, kollegaene, leiinga, organisasjonen og for heile kommunen. Eit godt mål er 100 % nærvær, eit meir realistisk mål er minst 95 % nærvær.

## Økonomi

I utgangspunktet skal ein kommune nytte dei tildelte pengane til beste for brukarane og innanfor vedtekne mål for verksemda. Ein kommune er budsjettstyrt og ein kan ikkje nytte meir pengar enn ein har budsjett, jfr. [budsjettvedtaket sitt punkt E](#).

Som nemnd når det gjeld punktet «nærvær», så er løn vesentleg å ha kontroll på. Fast løn er stillingsheimlar som Kommunestyret har oppretta, nokre stillingar får tillegg som er knytta mot fast løn, t.d. regulativbestemte tillegg som kvelds- og natt-tillegg, helligdagstillegg m.v., nokre stader blir det nytta vikar, ekstravakter, overtid eller andre løysingar. Fast løn er i prinsippet enkelt å budsjettere og periodisere, medan andre postar vil krevje spesiell vurdering frå år til år og frå avdeling til avdeling. Det er mogeleg å periodisere budsjettet, men krev mykje ressursar – særleg frå økonomiavdelinga.

Øvrige utgifter har ofte eit spesielt forbruksmønster, avdelingane veit budsjettet og vel sjølv når midlane skal nyttast – eit viktig punkt for å unngå detaljstyring. Nokre samarbeidspartnare sender faktura i løpet av kvartalet, medan andre sender halvårleg eller seinare. Dette kan variere frå år til år og er ikkje opp til Gol kommune å regulere.

Dei store inntektene, skatt- og rammetilskot, har eit relativt stabilt mønster, men avvik har for Gol sitt vedkomande ikkje kritiske konsekvensar. Nokre store inntekter veit vi ikkje før februar året etter og desse er kritiske for kommunen si verksemd, jfr. frykta for omsorg – funksjonshemma hausten 2012. Rådmannen har satt i gong eit arbeid for å få raskare oversyn over desse inntektene og få dei med i rapporten. I fyrste omgang vil det bli laga eit samleoversyn over desse postane og betre kompetansen for å kunne stipulere mest mogeleg nøyaktig kva me kan vente oss.

Fokuset i kvartalsrapporten er netto-utgift, slik Gol kommune har budsjettert og rapportert dei seinaste åra.

## Drift

Med drift meinast dei oppgåvene vi er sett til å løyse innafor budsjett. Her vil ein i utgangspunktet rapportere på måla som er sett – mengde, kvalitet, lovmessige krav, om ein har nådd fristar osv.

Rådmannen legg vekt på at kvartalsrapporteringa skal gje signal om kva for mål som er kritiske for den einskilde verksemd og som kommunestyret må vite om. Nokre mål kan ein utsetje fleire månader utan særlege konsekvensar, andre kan ein ikkje utsetje ein dag utan kritiske konsekvensar.

I dei aller fleste tilfelle blir måla nådd som meint og planlagt. Rådmannen reknar dette som sjølvsgt og er takksam for alt arbeid som blir lagt ned av alle tilsette for å nå måla. Men kommunestyret skal ikkje behøve å få rapport over det vi har gjort. Kommunestyret skal få orientere om det vi ikkje har fått utretta, årsaka til dette, om avdelinga kan ordne det sjølv eller ikkje.

## Mål

Gol kommune sin Kommuneplan for 2008 – 2020 – samfunnsdelen – er ein god plan med mange, store mål. Nokre avdelingar har fått endra sine mål i perioden, medan andre har same mål som for 6 år sidan. Gol kommune har satt i verk planar for ein ny skule i 2015. Det er vel liten tvil om at ei slik investering vil måtte føre til endra prioriteringar i den øvrige drifta til Gol kommune. Ei gjennomgang av samfunnsdelen kan bli naudsynleg.

## Innhald

1. Oppfølging av vedtak i Kommunestyret
2. Nærvær - avvik og tiltak
3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak
4. Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak
5. Personalforhold og HMS
6. Spesielle hendingar og informasjonar

## Vedlegg:

- A. Økonomisk status – totalt for heile kommunen – hovudart

## Oppfølging av vedtak i Kommunestyret

### 1. Oppfølging av vedtak i Kommunestyret

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
<u>Februar-møtet – 05.02.2013</u>		
1/2013	Vesterhuset barnehage – opp-pussing og utbygging	Oversendt plan- og byggenemnd, budsjettjustering blir sak i juni-møtet (formalitet)
2/2013	Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune	Nye punkt blir følgd opp av rådmannen
3/2013	Hallingdal renovasjon IKS – endring av selskapsavtalen § 17	<a href="#">Hemsedal kommune har berre vedteke punkt 1.</a> <a href="#">Nes kommune har eit tilleggspunkt</a>
4/2013	Forslag til endring av forskrift ang. næringsavfall	
5/2013	Aksjer i Buskerud Kollektivtrafikk AS - tilbud om kjøp	Forutsetter likelydende vedtak i andre kommuner. Hol, Hemsedal og Flå har ikkje behandla saka enda pr. 20. april
6/2013	Hallingmo kunstgrasbane - nytt kunstgras - Byggeregnskap	Vert også justert i årsrekneskap – mva.refusjonsreglar
7/2013	Byggeregnskap - Ventilasjonsanlegg Øygdane barnehage	Vert også justert i årsrekneskap – mva.refusjonsreglar
8/2013	Ny Nasjonal Infokanal (NNI) i Gol - digital informasjon i det offentlege rom	Saka utsett
9/2013	Val til styret for Gol Byggdrift Kommunalt Foretak	
<u>April-møtet – 16.04.2013</u>		
10/2013	Fastsetjing av gebyr for sal av alkoholhaldig drikk 2013	Faktura sendt ut
11/2013	Fastsetjing av gebyr for skjenking av alkoholhaldig drikk 2013	Faktura sendt ut Spørsmål frå Høyre – forskotsbetaling – blir vurdert av administrasjonen
12/2013	Hallingmo del I - Framdriftsplan og jursammensetning arkitektkonkurranse	

Denne rapporten blir meir utfyllande etter kvart. Rådmannen ser det som naturleg at også Formannskapet og utvala sine vedtak blir med i rapporten i framtida.

## 2. Nærvær – avvik og tiltak

- Betre enn 96 % nærvær: Meget bra nærvær – ingen særskilte tiltak naudsynleg
- Mellom 92 % og 96 % nærvær: Kommentar naudsynleg
- Mindre enn 92 % nærvær: Tiltak må settast i verk – kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn	Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk	
21	Løns- og personalavd.	94,6 % nærvær 2013 (2012: 99,7 %)
22	Økonomiavdelinga	
23	IKT Gol (ingen tilsette)	
24	Kommuneplanleggar	
25	Skulefagleg rådgjevar	
27	Gol skule	91,0 % nærvær 2013 (2012: 97,0 %)
28	Herad skule	
29	Gol ungdomsskule	
30	Læringscenteret Gol VU	
31	Gol barnehage	89,6 % nærvær 2013 (2012: 93,9 %)
32	Helseavdelinga	
35	Kulturavdelinga	
36A	Omsorg – institusjon	87,6 % nærvær 2013 (2012: 87,0 %)
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	86,2 % nærvær 2013 (2012: 93,8 %)
36C	Omsorg – funksjonshemma	84,1 % nærvær 2013 (2012: 90,1 %)
41	Utbyggingsavdelinga	
42	Næringsavdelinga	
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	
43B	Kommunalteknisk – VAR	
<b>ØVRIGE:</b>		
8330	Nav Hallingdal (Gol)	

### Generelt om fråvær

Fråvær kostar pengar og er ressurskrevjande for den som må skaffe vikar og frå avdelingar som må nytte vikar/overtid for å halde seg innafor lovverk og føresetnader sett av Kommunestyret.

Reduksjon av sjuke fråværet er reduserte utgifter – frå dag 1 !!!

Utfordringane er ressursar til å skaffe vikar, kva for vikar ein nyttar, overtid m.v.

Eit samleomgrep for å kunne kontrollere dette er «ressursstyring», enten i form av gode rutinar eller ved bruk av tilgjengeleg verktøy.

### Generelt om 1. kvartal 2013

Det rapporterte fråværet for 1. kvartal 2013 er 8,5 %, tilsvarande tal for same periode 2012 var 7,2 %. Korttidsfråværet er stabilt for begge periodane – 3,0 %.

Avvik – sjå neste side

**Avvik – nærvær og tiltak**

- Avd. 21 – Løns- og personalavdelinga. Fråværet gjeld lærlingar som vil bli følgd opp, men er ikkje dramatisk korkje rekneskapsmessig eller ressursmessig
- Avd. 27 – Gol skule. I hovudsak langtidssjukemeldingar, eit tilfelle nemner arbeidsbelastning som medverkande årsak. Fråvær vil ikkje alltid føre til vikarbruk
- Avd. 31 – Gol barnehage. Det er langtidssjukemeldte ved tre barnehagar, men ingen av desse er rapportert som arbeidsrelatert.
- Avd. 36A – Omsorg - institusjon. Avdelinga har ein stor del kort-tidsfråvær og samstundes mykje langtidsfråvær, det blir ikkje opplyst konkrete tiltak.
- Avd. 36B – Omsorg – Helsehjelp i heimen.  
Fråver 13,4 %, Mange erfarne og eldre arbeidstakarar og høgt tempo fører til slitasje, men langtidsfråveret er ikkje rapportert som relatert til jobben. Mykje fråvær som følgje av influensa.
- Avd. 36C – tenester til funksjonshemma
  - Konsulent for funksjonshemma – 45,9 % fråvær. Skuldast sjukemelding under svangerskap, samt skade på jobb
  - Tenester til funksjonshemma – 14,1 % fråvær. Prosjekt satt i gong i lag med NAV og HAVA med føremål å få til ein betydeleg reduksjon i fråværet

**Rådmannen sin konklusjon**

Kort-tidsfråværet relativt stabilt. De finst likevel ekstreme tilfelle der ei avdeling har 11 % korttidsfråvær (meir enn ein av ti tilsette er borte kvar dag), som igjen fører til spesiell meirbelastning for dei som er på jobb. Avdelingane forventast å vere klar til å ta vare på desse som får meirbelastning.




Bruk av program for ressursstyring er pålagt dei avdelingane som har nytte av dette – dette skal på plass innan 1. juni, kompetanse og rutinar skal vere på plass og det skal fungere.


























Øvrige tiltak for å følgje opp langtidsfråværet blir sett i verk frå avdelingane i h.h.t. IA-avtala.

Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

### 3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

#### a) Løn korrigert for refusjon sjukeløn

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk		
21	Løns- og personalavd.		
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT		
24	Kommuneplanleggar		
25	Skulefagleg rådgjevar		
27	Gol skule		
28	Herad skule		Gjesteelev - refusjon
29	Gol ungdomsskule		
30	Læringscenteret Gol VU		
31	Gol barnehage		
32	Helseavdelinga		
35	Kulturavdelinga		
36A	Omsorg – institusjon		Budsjett-sprekk – tiltak naudsynleg
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		Eit lite meirforbruk – reknast under kontroll
36C	Omsorg – funksjonshemma		
41	Utbyggingsavdelinga		
42	Næringsavdelinga		
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		
43B	Kommunalteknisk – VAR		
<b>ØVRIGE:</b>			
8120	Skatteoppkreveren i Hallingdal		
8330	Nav Hallingdal (Gol)		
8311	Miljøretta helsevern		
8420	Hallingdal Etablerersenter		Etterløn – må sende melding til styret
2410	IKT Hallingdal		

#### Generelt om løn

I utgangspunktet kan ein seie det slik at om budsjett-tala er rett, budsjettet balanserar og ein har kontroll på løn i kommuna, så har ein god kontroll på utgiftene. Avvik sjåast opp mot både budsjett og rekneskap same periode 2012. Det er ikkje gjort nokon periodisering av løn, men det er vurdert. Utfordringa er at dei avdelingane som har det største behovet for periodisering også har det mest spesielle forbruket – år for år og månad for månad.

#### Generelt om 1. kvartal 2013

Det rapporterte forbruket av løn er stort sett under kontroll, med unntak av omsorg – institusjon. Dette heng for ein stor del saman med fråveret, som sin vil sjå er stort for omsorg – institusjon.

Avvik – sjå neste side



## Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

### **Avvik – løn**

#### Avvik

- Avd. 28 – Herad skule – spesielle utfordringar, med spesiell refusjon
- Avd. 36A – Omsorg institusjon – mange årsakar, inga forslag til korleis ein skal få rette opp
- Avd. 36B – Omsorg heimetenestene – reknast under kontroll
- Ansvar 8420 – Ikkje kritisk for Gol kommune. Gol er vertskommune og meirforbruk blir teke av fond – tilhøyrande alle Hallingdalskommunane – rådmannen sender melding til styret.




#### **Rådmannen sin konklusjon**

Omsorgsavdelinga følgjast særskilt månad for månad. Det såg ut som om sin frå mars fekk ynskt justering, men fyrste månad etter denne kvartalsrapporten synte eit betydeleg meirforbruk i april.

Særleg gjeld avviket institusjon, som verker utan kontroll når det gjeld overtid og ekstrahjelp. Delvis heng dette saman med fråværet, men utan eit fullgodt verktøy til å takle slike situasjonar vil ein ikkje kunne ha kontroll.

Rådmannen har sett i verk straks-tiltak.

## b) Andre utgifter

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn	Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk	
21	Løns- og personalavd.	
22	Økonomiavdelinga	
23	IKT	
24	Kommuneplanleggar	
25	Skulefagleg rådgjevar	
27	Gol skule	
28	Herad skule	
29	Gol ungdomsskule	
30	Læringsenteret Gol VU	
31	Gol barnehage	
32	Helseavdelinga	
35	Kulturavdelinga	
36A	Omsorg – institusjon	
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	
36C	Omsorg – funksjonshemma	
41	Utbyggingsavdelinga	
42	Næringsavdelinga	
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	
43B	Kommunalteknisk – VAR	
<b>ØVRIGE:</b>		
8120	Skatteoppkreveren i Hallingdal	
8330	Nav Hallingdal (Gol)	- Økonomisk sosialhjelp - meirforbruk 20 %, nivå som 2012, men B 2013 er 500-000 lågare
8311	Miljøretta helsevern	
8420	Hallingdal Etablerersenter	
2410	IKT Hallingdal	
3350	Barnevernet	

Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon vil normalt ha variasjonar gjennom året.

Ettersom Gol kommune praktiserer netto-budsjettering, så må ein ta med hile bilete, både inntekter og utgifter. Det følgjer med eit vedlegg som gir eit oversyn på grovt nivå. Ut frå desse er alle postar under kontroll. (Det gjeld også løn inkl. fast-løn – som er den aller største posten).

*Sjå elles vedlegg A*

### **Rådmannen sin konklusjon**

Ingen spesielle signal på alvorlege budsjett-avvik pr. 1. kvartal. Løn er nemnd spesielt i punkt a)

Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

### **c) Investeringer**

Investeringsrekneskapen syner at kommuna har nytta kr. 246.000 av eit budsjett på 12,95 mill. kr. Budsjettet vil bli teke opp til revisjon i juni som følgje av at økonomisjefen hadde lagt inn feil prosjekt for 2013 og at budsjettet følgjeleg blir endra – både for 2013 og 2014.

Rådmannen kjem til å gjere budsjettet låneopptak i mai i samsvar med budsjettvedtaket for 2013. Det finst prosjekt som etter rådmannen si meining har vore finansiert annleis enn det som var Kommunestyret si meining. Dette heng saman med rekneskapsforskriftene som førar til meir uoversiktleg finansiering av det einskilde prosjekt.

#### **Rådmannen sin konklusjon**

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet for fyrste kvartal

### **d) Finansiering – bruk og avsetning til fond**

Rekneskapsreglane er slik at det som kommunestyret har budsjettet som bruk av fond – må brukast av fond i budsjettåret, sjølv om det kan hende ikkje har vore nytta noko til det som var hensikten med finansieringa. Det kompliserer forståinga for rekneskapen, men er også ein logisk konsekvens – det er kommunestyret som bestemmer og ikkje økonomiavdelinga. Det er ein fin balansegang, men rådmannen vil forsøke å legge dette prinsipp til grunn i seinare kvartalsavslutningar.

#### **Rådmannen sin konklusjon**

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet for fyrste kvartal

### **e) Balanse – vurdering av uteståande fordringar, fondsmidlar m.v.**

Økonomisjefen var meint å gjere ei vurdering av uteståande fordringar kvart kvartal, men har ikkje hatt kapasitet til å gjere nokon fullstendig vurdering av dette. Ein gjennomgang av avsette fondsmidlar og eit framlegg til frigjering av gamle fondsmidlar vil bli utarbeidd til Kommunestyret sitt juni-møte.

#### 4. Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak

- Avdelinga har ingen kommentarar
- Avdelinga har avvik, inga behov for tiltak, men må kommenterast
- Avdelinga har avvik, behov for tiltak, må kommenterast

Avdeling	Avdelingsnavn	Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk	
21	Løns- og personalavd.	
22	Økonomiavdelinga	
23	IKT Gol (ingen tilsette)	
24	Kommuneplanleggar	
25	Skulefagleg rådgjevar	
27	Gol skule	
28	Herad skule	
29	Gol ungdomsskule	
30	Læringscenteret Gol VU	
31	Gol barnehage	
32	Helseavdelinga	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fysioterapi: Lang ventetid for fysioiterapi – pasientar utan spesiell prioritet</li> <li>- Psykisk helse : Kommunen har ikkje tilbod til å ta mot brukarar som blir overført frå 2.dre linetenesta – 2 brukarar må ha tiltak.</li> <li>- Gerica – legemodul ikkje teke i bruk</li> </ul>
35	Kulturavdelinga	
36A	Omsorg – institusjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Auka døgnbemanning frå februar/mars – tryggleik til brukarane</li> <li>- Større og utvida pleiebehov samt meir spesialiserte tenester – autorisert sjukepleiar må bidra til desse</li> </ul>
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vakanse av sjukepleiar – juni – desember</li> <li>- Torstadvegen omsorgsbustad har stor belastning, fagleg ansvarlegheit blir vurdert</li> <li>- Mykje kjøp av plassar frå andre kommunar</li> <li>- Forventningar – mogelege tenester</li> </ul>
36C	Omsorg – funksjonshemma	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ikkje rekruttert saksbehandlar</li> <li>- Tilsetjing og opplæring av nytt personell</li> <li>- Aukande etterspørsel etter avlastning i høve barn og unge med spesielle behov</li> </ul>
41	Utbyggingsavdelinga	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Avd. har vore nøydd til å leige inn ein del konsulentbistand – særleg vedr. Hallingmo</li> </ul>
42	Næringsavdelinga	
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	
43B	Kommunalteknisk – VAR	
<b>ØVRIGE:</b>		
8330	Nav Hallingdal (Gol)	

### **Avvik – Tenesteyting**

- Avd. 32 – Helse
  - Fysioterapi: Minst 50% av pasientane har venta 5 veker eller meir på behandling, målet er behandling innan 3 veker.  
Føreslege tiltak: Meir ressursar til fysioterapi
  - Psykisk helse: Gol kommune må bygge opp eit tilbod til 2 brukarar som blir overført til 1.line-tenesta frå 2.line-tenesta  
Føreslege tiltak: Meir ressursar enten oppbygging av teneste lokalt eller kjøp av private aktørar
  - Gerica: Legemodulen er ikkje teke i bruk og opplæring av tilsynslegane må prioriterast.
  
- Avd. 36A – Omsorg institusjon
  - Akutte situasjonar krev akutte løysingar
  - Institusjonstenesta har mangel på sjukepleiarar, behovet for autorisert personell til meir spesialiserte og døgkontinuerlege tenester er kostnadskrevjande i form av bakvaktar og overtid.
  
- Avd. 36B – Omsorg heimetenestene
  - Har vakanse av sjukepleiar frå juni – desember
  - Tidleg heimsending frå sjukehus skapar auka behov for tilbod frå heimetenestene, og brukarane er meir pleietrengande enn tidlegare. Skjæringspunkt mellom å stelle heime og kjøpe plass i andre kommunar.  
Føreslege tiltak: Auke ressursar i perioder
  - Stort skilje mellom forventningar frå brukar og kva som er mogeleg å gje  
Føreslege tiltak: Hyppigare møter med pårørande, betre informasjon til innbyggjarane
  
- Avd. 36C – Omsorg funksjonshemma
  - Avdelinga har ikkje makta å rekruttere kvalifisert personell som saksbehandlar (trass i 3 eksterne utlysingar). Dette førar til intern omdisponering.
  - Sjukefråvær har medført prioritering av ordinære oppgåver og mindre opplæring
  - Etterspørselen etter avlastning i høve barn og unge med spesielle behov aukar  
Føreslege tiltak: Viktig å gi tenester i form av avlastning og/eller omsorgsløn med tanke på lågast mogeleg omsorgsnivå
  - Avvik frå Fylkesmannen er fortsatt ikkje lukka, men avdelinga er i ein dialog med Fylkesmannen om desse

### **Rådmannen sin konklusjon**

Rådmannen registrerar at avdelingane har fokus på oppgåver. Avvik frå omsorg – institusjon må få ytterlegare fokus.

## 5. Personalforhold og HMS

- Ingen rapporterte forhold
- Rapporterte forhold – ingen eksterne tiltak – kommentar naudsynleg
- Rapporterte forhold – eksterne tiltak – kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk		
21	Løns- og personalavd.		
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT Gol (ingen tilsette)		
24	Kommuneplanleggar		
25	Skulefagleg rådgjevar		
27	Gol skule		- 2 avvik- vald
28	Herad skule		
29	Gol ungdomsskule		
30	Læringscenteret Gol VU		- Diesel-lukt i klasserom
31	Gol barnehage		- Ventilasjonsanlegg Hallingmo fungerer ikkje - Avvik vedr. branntryggleik og miljøretta helsevern
32	Helseavdelinga		
35	Kulturavdelinga		
36A	Omsorg – institusjon		
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		- Aukande pleie- og tilsynsbehov demente fører til stadig tyngre arbeidsbelastning
36C	Omsorg – funksjonshemma		-
41	Utbyggingsavdelinga		
42	Næringsavdelinga		
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		
43B	Kommunalteknisk – VAR		
<b>ØVRIGE:</b>			
8330	Nav Hallingdal (Gol)		

### Avvik – Personalforhold og HMS

- Avd. 27 – 2 tilfelle med vald – ingen ytterlegare tiltak utover rutinemessig oppfølging
- Avd. 30 – Diesel-lukt førte til justering av ei pipe – ordna ved vaktmeistrar til Gol Byggdrift KF
- Avd. 31 – Avvik er meldt vidare til Gol Byggdrift KF, eigne avvik blir fylgd opp
- Avd. 32 – Lars Sandaker er konstituert som kommuneoverlege.  
Oppeiing av fastlegestilling – Kristian Nordhaug

### **Rådmannen sin konklusjon**

Rådmannen registrerar at avdelingane har godt oversyn og kan løyse avvik

## 6. Spesielle hendingar og informasjonar

Avdeling	Avdelingsnavn	Spesiell informasjon
20	Sekretariat, rådmann + politisk	- Ein del feil og manglar etter innføring av nytt sak/arkiv-system
21	Løns- og personalavd.	- Aukande behov for pensjons-vegledning
22	Økonomiavdelinga	- Økonomiavdelinga har teke over saksbehandling vedr. Startlån - Økonomiavd. vil frå mai føre rekneskapen for kyrkja, vil redusere utgifter for kommunen - Rekneskapsjef har 2 dagar/mnd. kontorfelleskap med øvrige rekneskapsjefar i Hallingdal - Torpomoen
23	IKT Gol (ingen tilsette)	- Felles IKT- og telefoni-utgifter førast her. Ny leverandør av telefoni-tenester frå april
24	Kommuneplanleggar	- Midlar vert nytta til innleige av konsulent
25	Skulefagleg rådgjevar	
27	Gol skule	- Fleire tilmeldingar til PPT, kan føre til at talet på elevar med spes-ped-tiltak går over 10 %. - Tett samarbeid med andre instansar kan løyse ut kjøp av tenester
28	Herad skule	
29	Gol ungdomsskule	- Behov for 2 nye klassar frå hausten 2013 som følgje av auka elevtal - GNIST frå våren 2013 – interkommunal satsing på styrking av kvalitet og vidareutvikle lærarprofesjon («vurdering for læring»)
30	Læringscenteret Gol VU	- Nytt undervisningsopplegg frå 8. april - Utviklingsarbeid «Vurdering av læring»
31	Gol barnehage	- Rapport frå prosjektet «Felles løft for tidleg innsats» er ferdig og blir lagt fram politisk i 2013.
32	Helseavdelinga	- Stilling som fastlege blir lyst ut som kommuneoverlege. Det blir arbeidd interkommunalt om at stillinga blir lyst ut som felles kommuneoverlege for Hallingdal / Nedre Hallingdal -
35	Kulturavdelinga	- Rekruttering av biblioteksjef - Vurdering av ulike løysingar for kultursjef - Vurdering av ulike løysingar for servicetorget
36A	Omsorg – institusjon	- Må sendast ut i sin heilhet – for mykje info.
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Mange utfordringar, men desse er definert og blir arbeidd med
36C	Omsorg – funksjonshemma	- Mange utfordringar, men desse er definert og blir arbeidd med
41	Utbyggingsavdelinga	- Adresseprosjekt 40 % ferdig – uklar finansiering av skilting – ikkje budsjettert - Høg aktivitet på planarbeid – 11 planar under arbeid

## Spesielle hendingar og informasjonar

Avdeling	Avdelingsnavn	Spesiell informasjon
42	Næringsavdelinga	-
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	
43B	Kommunalteknisk – VAR	
8330	Nav Hallingdal (Gol)	- Stor auke av unge mellom 18 – 24 år som tek i mot økonomisk sosialhjelp – avd. vil gjerne ha reell mogelegheit til å stille vilkår om arbeid for sosialhjelp - Innkjøpt skanningmodul for å lette drift av NAV – Gol/Hemsedal - fleksibilitet
2410	IKT Hallingdal	- Tilsettingsprosess av dagleg leiar i gong

### Rådmannen sin konklusjon

*Avdeling 29 – Gol ungdomsskule* nemner at det blir behov for 2 nye klassar frå hausten 2013. Rådmannen vil be avdelingsleiar gjere greie for korleis dette kan løysast

*Avdeling 36A – Omsorg – institusjon* nemner veldig mange moment som må løysast. Dette blir rapportert til UKL fortløpande, men er for omfangsrikt til å ta med i ein slik rapport som dette.

***For begge dei nemnde avdelingane blir det peika på behov for meir ressursar***



## Vedlegg

### VEDLEGG A

#### DRIFT:

hoved- art	Hovedart-tekst	R 2013	B 2013	Forbruk i %	R 2012	Oppr. B 2012	Forbruk i %	R 2011	R 2010
10	Lønn	65 316	237 164	27,5	58 787	218 304	26,9	55 677	53 047
12	Kjøp av varer og tenester	9 468	52 702	18,0	12 905	54 626	23,6	11 190	8 880
13	Kjøp av tenester	17 820	69 321	25,7	30 436	52 080	58,4	28 021	26 757
14	Tilskot og tilleggsøyvinger	3 740	22 877	16,3	6 951	23 657	29,4	3 601	4 088
	<b>TOTALT - driftsutgifter</b>	<b>96 344</b>	<b>382 064</b>	<b>25,2</b>	<b>109 079</b>	<b>348 667</b>	<b>31,3</b>	<b>98 489</b>	<b>92 771</b>
16	Sals- og leigeinntekter	-19 766	-63 861	31,0	-23 201	-64 741	35,8	-13 756	-17 117
17	Refusjonar og tilskot	-5 818	-66 139	8,8	-5 074	-45 095	11,3	-5 934	-12 067
18	Overføringer	-64 542	-264 386	24,4	-63 172	-251 188	25,1	-58 013	-42 254
	<b>TOTALT - driftsutgifter</b>	<b>-90 126</b>	<b>-394 386</b>	<b>22,9</b>	<b>-91 448</b>	<b>-361 024</b>	<b>25,3</b>	<b>-77 702</b>	<b>-71 438</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>		<b>6 218</b>			<b>17 632</b>			<b>20 787</b>	<b>21 333</b>

#### FINANSIERING:

hoved- art	Hovedart-tekst	R 2013	B 2013	Forbruk i %	R 2012	Oppr. B 2012	Forbruk i %	R 2011	R 2010
15	Finansieringsutgifter	-5	30 968	-0,0	2 780	29 703	9,4	2 100	589
19	Finansieringsinntekter	-1 089	-18 701	5,8	-842	-17 691	4,8	-912	-693
<b>Netto - finansutgifter</b>		<b>-1 093</b>			<b>1 938</b>			<b>1 188</b>	<b>-104</b>

#### Kommentarar

Data er henta frå heile rekneskapen, dvs. alle avdelingar, alle ansvar og tenester, alle prosjekt og artar. Økonomisjefen er ikkje i mål med å få plassert alt logisk og difor blir det førebels presentert tilnærma likt rekneskapen med netto driftsutgifter – som er det same som brutto driftsresultat i rekneskapen. Dette gjeld heile kommunen.

Seinare vil det bli ei meir tydeleg oppdeling av det som er kommunen sine utgifter og inntekter til eigne avdelingar, kva som vi berre delvis styrar sjølv som vertskommune i samarbeid, kva som vi ikkje heilt styrar sjølv som kunde i interkommunale organiseringar.

Hovedpost	Hovedpost-tekst	Kommentar
10	Lønspostar	- Totalt for heile kommunen er forbruket i samsvar med budsjett. Det er likevel store variasjonar mellom avdelingane
12	Kjøp av varar og tenester til kommunal teneste-produksjon	- Forbruksmønster er veldig forskjellig, år for år. Dette er førebels å sjå på som naturlege variasjonar.
13	Kjøp av tenester som erstattar kommuna tenesteproduksjon	- A'konto overføring til Gol Byggdrift KF er periodisert i 2013, i 2012 var dette ikkje periodisert tilsvarande (diff. 12 mill.)
14	Tilskot og tilleggsøyvinger	- NAV Gol/Hemsedal er med i oppsettet, dvs. at prosjekt Hemsedal er inkludert i oversynet (både rekneskap og budsjett) – elles naturlege variasjonar
16	Sals- og leigeinntekter	- Salsinntekter frå kraftomsetning var forseinka for mars (informasjon gitt Gol kommune i forkant)
17	Refusjonar og tilskot	- Naturlege variasjonar i refusjon og tilskot - Inkluderer refusjon for sjukefråvær og svangerskapsperm.
18	Overføringer	- I all hovudsak skatt og rammetilskot.

## Vedlegg


Hovedpost	Hovedpost-tekst	Kommentar
15	Finansieringsutgifter	<ul style="list-style-type: none"><li>- Budsjettet inkluderer fordelte utgifter som blir gjort ved årsavslutning, men som ein vurderer å periodisere</li><li>- Budsjettet inkluderer renter og avdrag, renter vil kunne bli behandla noko spesielt som følgje av periodisering frå førre år</li><li>- Budsjettet inkluderer avsetning til fond. Desse blir normalt avsatt ved årsavslutning, men økonomisjefen vurderer kvartalsmessig avsetning</li></ul>
19	Finansieringsinntekter	<ul style="list-style-type: none"><li>- Budsjettet inkluderer fordelte utgifter som blir gjort ved årsavslutning, men som ein vurderer å periodisere – sjå kommentar under hovudspost 15</li><li>- Budsjettet inkluderer også bruk av fond. Økonomisjefen vurderer å inntektsføre bruk av fond kvartalsmessig</li></ul>

### Rådmannen sin konklusjon

Oversynet og avvika som er nemnd er ikkje kritiske – totalt sett. .

Den fyrste kvartalsrapporten har fleire kommentarar og forklaringar enn det ein vil få i framtida, men pr. i dag er ikkje ordlista laga ferdig. Med noko meir dokumentasjon på plass skal lesar ved eit tastetrykk kunne få presisering og informasjon om kva som meinast med dei ymse begrepa.

Gol, 28. april



Hege Mørk  
rådmann